

## Forslag til lovendring i Lover for Lye forsamlingshus, gjeldande Lye forsamlingsstyre

### 1. Bakgrunn for saka

Årsmøtevedtak 2018 gav Forsamlingsstyret i oppdrag å arbeide vidare med strukturen for fellesarbeidet på Lye for samlingshus, slik årsmeldinga for 2017 foreslo.

Det har etablert seg to søndagsfellesskap, og sitjande forsamlingsstyre ser ikke lenger at det er grunnlag for eit forsamlingsstyre for fellesarbeidet. Dette har konsekvensar for dei paragrafane som omhandlar Lye forsamlingsstyre, pkt. D med §§ 9 og 10 i Lover for Lye forsamlingshus:

#### *D) FORSAMLINGSSTYRET*

##### *§9 Styret si samansetjing*

*a) Forsamlingsstyret skal ha 3-5 medlemmer og 1-2 varamedlemmer, valt av årsmøtet for ein periode på to år. Årsmøtet vel leiar.*

*b) Samanhengande funksjonstid kan ikkje overskride seks (6) år, men ein kan attveljast etter eitt (1) år utanfor styret. c) Leiar i husstyret har møterett.*

##### *§10 Forsamlingsstyret sine oppgåver*

*a) Forsamlingsstyret leier og fører tilsyn med fellesarbeidet ved Lye forsamlingshus.*

*b) Forsamlingsstyret sine oppgåver er til ei kvar tid nedfelt i instruks godkjend av årsmøtet.*

### 2. Saksopplysningar

Lye forsamlingsstyre rår over midlar som er samla inn til barne- og ungdomsarbeidet. Dersom Årsmøtet vedtar å legge ned Lye forsamlingsstyret, må Årsmøtet gjere vedtak om korleis desse midla skal forvaltast.

### 3. Forslag til løysing – og konsekvensar for lovene for Lye forsamlinghus

Lye forsamlingsstyre vil foreslå for Årsmøtet at Lye forsamlingsstyre sine konti vert gjort opp og avvikla, og at Årsmøtet sikrar at midla vert brukt til barne- og ungdomsarbeid slik intensjonen med midla er.

Dette betyr at pkt D, med paragrafane 9 og 10 i Lover for Lye forsamlingshus, vert sletta.

Forslag til forvaltning av midla kjem til Årsmøtet i eiga sak.

Forslag til vedtak:

Årsmøtet vedtar at Lye forsamlingsstyret vert lagt ned, og at pkt. D, med §§ 9 og 10 i lover for Lye forsamlingshus vert sletta.